


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2010

STYRETS ÅRSMELDING 2010

2010 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 23 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldnings og fritidshusabb	Slamabb
Ørsta	4184	825
Volda	3538	489
Sum	7795	1263

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 5 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Arnfinn Dahl – leiar, Signe Turid Barstad – nestleiar, Anne-Britt Aambø Hallaråker, Astrid Gjersdal, Per Kåre Nesset, Nils Trovåg, Wenche Volle, Jostein O. Mo

Styret sine medlemmer: Ivar Aarskog– leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Aase Margrete Leite, Idar Flo, Magnar Lid (tilsette sin representant til 01.09.10) Ove Myklebust (tilsette sin representant frå 01.09.10)

DRIFTA

Innsamling og avsetning av avfall går bra i 2010. Det meste går til attvinning enten som energiattvinning eller som materialattvinning. Ved energiattvinning er avfallet råvare til produksjon av energi. Ved materialattvinning må avfallsfraksjonane vere reine, og kan då nyttast som råvarer til produksjon av nye materialar. Tabellen syner mengder i -09 mot -10.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2009	2010
Hushaldningsavfall	3539	3.684
Papir / papp	1146	1.125
Plast	30	15
Glas	139	108
Farleg avfall	125	77
E.E. avfall	251	215
Hageavfall	Ca 1700	Ca 1700
SUM	6930	6.924

Drifta i året er prega av byggeaktivitet. Første halvår heldt firmaet Jønsson & Worren AS på med ny miljøstasjon. Den vart teken i bruk i juni, med høgtidleg opning ved ordførar i Ørsta og varaordførar i Volda.

Det var kjærkome. Våre kundar fekk no eit etterlengta tilbod under tak. Vi som arbeidar her fekk betre arbeidsvilkår i form av, lager under tak for farleg avfall og avfallsbeholdarar, garasjeplass for bilar og utstyr vinterstid, og ikkje minst redusert mengde flygeavfall.

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra, med ein vekst mindre enn auken i kjøpekraft. I 2010 ser vi at mengdene går litt opp igjen, etter ein relativt kraftig nedgang i 2009. Tilsvarande utvikling ser ein i andre avfallsselskap. Truleg er det effekten av finanskrisen som slår inn.

I heile 2010 blir restavfallet levert til Rekom AS med krav om energiattvinning. Mottakarane er Nordmøre Energiattvinning på Averøy, Tekniska verken i Linköping og Åmotfors Energi AB.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane gjekk litt ned i 2010, etter ein tilsvarande oppgang i 2009. Papirmengdene ser derfor ut til å vere stabile over tid.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

VØR er med i returkartonglotteriet, og Ørsta Kunstlag var i tredje kvartal uttrekt som vinnar av kr 10.000,-

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava) Innsamla mengder glas er stabilt frå år til år..

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Noreg som er vår avtalepart.

Farleg avfall.

Mengda farleg avfall er relativt stabilt år for år. Vi hadde mykje på lager som vart levert i løpet av 2009, derav høgt tal i 2009. I 2010 er vi tilbake på normalkvantum. Vi har no i alt 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typer elektroavfall.

Slam.

2010 er det ordinær innsamling av slam inklusiv innsamling frå hytter og fritidshus. Innsamlinga gjekk greit for seg og vart avslutta tidleg i november.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte mindre mengder E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2010 i høve 2009. Grunnen er nok at dei landsdekkande kjedene som no er etablert i Volda og Ørsta har egne ordningar for mottak av EE avfall. Grunna usemje mellom returselskapa og KLIF har vi i perioder opplevd leveringsproblem i 2010. EE avfallet har hopa seg opp hos oss, og gitt oss meirarbeid med lagring og ettersortering når vi igjen har fått lov å levere.

Eigarskap i andre selskap.

Vi har eigarskap i andre selskap fordi dette styrker vårt sitt driftsresultat.

Ved utgangen av 2010 har vi slikt eigarskap i andre selskap:

- 30 aksjar i Rekom AS (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan mekling av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommuner og interkommunale avfallsselskap. Mesteparten av VØR sitt utgåande avfall vert i dag mekla via Rekom AS.

- 77 aksjar i Retura Norge AS (0,64% eigarskap) Firmaet driv mest med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall. Selskapet driv i tillegg med innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er i all hovudsak eigd av kommuner og interkommunale avfallsselskap. Om lag 20 % av avfallsmengdene i våre kommuner kjem inn under landsdekkande avtalar.

- 50 aksjar og 100% eigarskap i Retura Søre Sunnmøre AS(RSS). Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall i Volda og Ørsta. Selskapet har ei

omsetning i 2010 på 19,9 mill kr og 7 tilsette. Selskapet fusjonerte i oktober -10 med transportselskapet Kran og Miljøservice AS og er etter det ein komplett totalleverandør av avfallstenester. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda og drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS på grunn av god utnytting av felles bygningsmasse, spesialutstyr og personalressursar.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 14 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2010 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder saman med bedriftshelsetenesten for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt betra siste året som følgje av nyopna Miljøstasjon. Den har gitt dei tilsette på stasjonen betre arbeidsvilkår og sjåførane har fått garasje til bilane, noko som er særst viktig i den kalde årstida.

Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. For å auke merksemda på farleg avfall, er ein av dei tilsette oppkvalifisert med eksamen som Sikkerhetsrådgivar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar. Av våre tilsette er 3 kvinner

VØR hadde 2,47 % korttidsfråvær (< 3 dagar) og 1,22 % fråvær mellom 3 og 16 dagar. Og 0,25 % fråvær over 16 dagar i 2010. Vi har ikkje registrert dagar med sjukefråvær på grunn uhell i arbeid i 2010. Vi har heller ikkje registrert tilfeller av forureining til det ytre miljø i 2010. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Representasjon.

Ivar Aarskog, Aase Margrete Leite, Magnar Lid, Gunn Velle Tranvåg og Hege Welle Aam representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal i mars.

Ivar Aarskog, Ann Britt Våge Fannemel, Aase Margrethe Leite, Gunn Velle Tranvåg, Magnar Lid og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen på Lillehammer i juni.

Ivar Aarskog, Aase Margrethe Leite, Gunn Velle Tranvåg og Petter Bjørdal deltok på studietur til Borås og Göteborg i regi av Avfallsforum Møre og Romsdal i september.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

VØR sette ned gebyra i 2008-09-10 og i 11 for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet av drifta syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr1.470.714,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.


Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 401.393,- Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene inklusiv påløpte inntekter vert ført i partalsår, medan mykje av kostnadene er like frå år til år.


Årsresultatet syner eit overskot på kr 403.172,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjulpet oss også i 2010. Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2010, og takkar dei tilsette for innsatsen.


Hovdebygda 31.05.11



Ivar Aarskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar


Aase Margrete Leite


Idar Flo


Ove Myklebust
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP**

	Note	2010	2009
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		22 343 025	19 580 896
Annan driftsinntekt		<u>55 782</u>	<u>813</u>
Sum driftsinntekter		<u>22 398 807</u>	<u>19 581 709</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		16 092	56 890
Lønnskostnad	2	6 029 038	5 406 305
Avskrivning	3	2 632 305	2 342 901
Annan driftskostnad	2	<u>11 500 992</u>	<u>11 391 852</u>
Sum driftskostnader		<u>20 178 427</u>	<u>19 197 948</u>
Driftsresultat		<u>2 220 380</u>	<u>383 761</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		426 089	577 942
Annan finanskostnad		<u>380 538</u>	<u>526 856</u>
Sum netto finansposter		<u>45 551</u>	<u>51 086</u>
Resultat før skattekostnad		2 265 931	434 847
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>64 752</u>	<u>65 997</u>
Ordinært resultat		<u>2 201 179</u>	<u>368 850</u>
Arsresultat		<u>2 201 179</u>	<u>368 850</u>
Arsoppgjersdisposisjonar			
Overført frå fond til etterdriftstiltak deponi		-74 100	
Fond slam		401 393	-374 329
Fond hushaldning		1 470 714	572 525
Overført annan EK		<u>403 172</u>	<u>170 654</u>
Sum disponert		<u>2 201 179</u>	<u>368 850</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.10**

	Note	2010	2009
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	18 583 460	26 818 155
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskiner og liknande	3	6 398 693	4 381 666
Sum varige driftsmidler		<u>24 982 153</u>	<u>31 199 821</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		946 181	1 103 692
Sum finansielle anleggsmidler		<u>946 181</u>	<u>1 103 692</u>
Sum anleggsmidler		<u>25 928 334</u>	<u>32 303 513</u>
Omlausmidlar			
Varer	1		28 884
Fordringar			
Kundefordringar		2 662 448	714 009
Andre fordringar		<u>845 681</u>	<u>1 258 489</u>
Sum fordringar		<u>3 508 129</u>	<u>1 972 498</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>8 210 425</u>	<u>7 606 704</u>
Sum omlausmidlar		<u>11 718 554</u>	<u>9 608 086</u>
SUM EIGEDLAR		<u>37 646 888</u>	<u>41 911 599</u>

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2010	2009
EIGENKAPITAL			
Opptent egenkapital			
Fond for etterdriftstiltak deponi		762 224	836 324
Fond for slamhandsaming		925 426	524 453
Fond for hushaldning		10 238 731	8 768 015
Fond for reinvestering etter brann			8 301 086
Annan egenkapital		<u>6 732 508</u>	<u>6 329 182</u>
Sum opptent egenkapital		<u>18 658 889</u>	<u>24 759 060</u>
Sum egenkapital		<u>18 658 889</u>	<u>24 759 060</u>
GJELD			
Annan langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		15 279 896	11 844 171
Sum annan langsiktig gjeld		<u>15 279 896</u>	<u>11 844 171</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 311 770	4 155 975
Betalbar skatt		64 752	65 997
Skyldige offentlege avgifter		325 528	266 772
Annan kortsiktig gjeld		<u>1 006 053</u>	<u>819 624</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 708 103</u>	<u>5 308 368</u>
Sum gjeld		<u>18 987 999</u>	<u>17 152 539</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>37 646 888</u>	<u>41 911 599</u>

Hovdebygda 31.05.2011

Ivar Aarskog
StyreleiarAnn Britt Våge Fannemel
Nestleiar i styretAase Margrete Leite
StyremedlemOve Myklebust
Tilsettere representantIdar Flo
StyremedlemPetter Bjørndal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2010

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2010	2009
Løner	4 340 630	3 772 005
Folketrygdavgift	734 919	660 563
Pensjonskostnader	622 793	651 128
Andre lønskostnader	330 696	322 609
Sum lønskostnader	<u>6 029 038</u>	<u>5 406 305</u>

Det har vore 13 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2010

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre
Løn	605 665	176 040
Pensjonspremie	28 486	
Anna godtgjersle	7 531	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 594307

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2010 utgjør kr. 21600

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.10	56 305 228
Tilgang	6 195 288
Avgang	9 864 552
Kostpris 31.12.10	52 635 964
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.10	27 653 811
Balanseførte verdier 31.12.10	24 982 153

Ordinære avskrivningar i året

2 632 305

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 325.528

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 15.279.896 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2010 er det betalt kr. 22.979 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 221.681,-

Note 7 Skattekostnad

Årets skattekostnad

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Betalbar skatt	19 495
Endring i utsatt skatt	45 257
Skattekostnad ordinært resultat	64 752

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	449 411
Permanente forskjellar	-218 152
Grunnlag for årets skattekostnad	231 259
Endring i midlertidige forskjellar	-161 633
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	69 626
Skattepliktig overskot	69 626

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	19 495
Sum betalbar skatt ordinært resultat	19 495

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	19 495
Sum betalbar skatt i balansen	19 495

Utsatt skatt er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS
6160 HOVDEBYGDA

MOTTEKE	
- 1 JUN 2011	
ARK.NR.	J.NR. 7684

REVISJONSMELDING 2010

Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2010 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar. Resultatrekneskapen viser eit overskot på kr 2.201.179,-.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Uttalelser om andre forhold

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 29/5-2011

Halldis Moltu

Halldis Moltu

Reg. revisor